

Kunnskapsdepartementet
Arild Haffner Nausdal
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
19/3514

Vår ref.
19/552-2/LANO

Dato
12.11.2019

Høyringsfråsegn om framlegg til lov om integrering og framlegg til endringar i lov om norsk statsborgerskap

Språkrådet viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet dagsett 16. august 2019 og kjem her med fråsegn om framlegg til ny integreringslov og framlegg til endringar i statsborgarlova.

Bakgrunn

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål. To av oppgåvene til Språkrådet er å verna om dei språklege rettane til borgarane og å fremja toleranse og gjensidig respekt mellom brukarane av norsk språk.

Språkrådet skal òg arbeida for å sikra statusen til norsk som samfunnsberande språk i Noreg. Det samfunnsberande språket er det overordna fellesspråket som blir brukt til administrasjon og samfunnsdebatt. Det er det språket som held storsamfunnet saman og gjev det identitet. Ifølgje den gjeldande språkpolitikken skal eit samfunnsberande språk i eit moderne, fleirkulturelt samfunn gje gode leve- og utviklingsvilkår for alle dei språklege delkulturane i samfunnet.

Språkrådets vurdering

Noreg har alltid vore eit fleirspråkleg og fleirkulturelt samfunn, og i dei siste åra har samfunnet vorte endå meir samansett kulturelt. For mange som bur og arbeider i Noreg i dag, er norsk eit framandspråk. Men norsk er framleis både nasjonalspråket og det samfunnsberande språket. Skal ein fungera som fullverdig samfunnsmedlem, treng ein difor kompetanse i norsk. Dessutan er samfunnet nøydd til å setja visse krav til norskkompetansen til innbyggjarane. Spørsmålet er kor høge krav som skal setjast.

På mange arbeidsplassar er det nødvendig å krevja at arbeidstakarane skal ha god kompetanse i norsk frå fyrste dag. Døme på slike arbeidsplassar er undervisningssektoren, helsestellet og forvaltninga. Men på mange andre arbeidsplassar kan ein klara seg med mindre, og det er ofte mogleg å læra norsk gjennom arbeidet og samværet med kollegaer. Det er ikkje rimeleg å setja like strenge norskkrav til alt arbeid.

Mange som arbeider med norskopplæring for framandspråklege, er skeptiske til framlegget om krav til B1-nivå i norsk munnleg for å få statsborgarskap. Dei meiner at mange som kjem til Noreg med lita eller inga utdanning, aldri kan nå dette nivået. Dei som er analfabetar eller har eit morsmål som ikkje er i slekt med norsk, vil få det ekstra vanskeleg. Det er viktig å finna ein balanse mellom behovet for



norsk kunnskap i samfunnet og krava til dei som kjem hit med sine ulike føresetnader. I eit moderne, mangespråkleg samfunn må vi truleg akseptera at borgarane meistrar det samfunnsberande språket i ulik grad. Dersom det er eit utbreidd syn i fagmiljøa at ein kan fungera godt i arbeidslivet og samfunnslivet utan å vera på B1-nivå i norsk munnleg på alle område, ser ikkje Språkrådet nokon grunn til å tvihalda på eit så strengt krav.

I høyringsnotatet står det at føremålet med å skjerpa kravet er å sikra at norske borgarar meistrar norsk godt nok til fullt ut å kunna ta del i norsk arbeids- og samfunnsliv, og å hindra utanforskap. Føremålet er det beste, men det er fare for at middelet motverkar det. Det å setja eit svært strengt språkkrav til dei som ønskjer norsk statsborgarskap, kan føra til utanforskap i staden.

Språkrådet meiner at mykje tyder på at kravet om B1-nivå i norsk munnleg for å kunna bli norsk statsborgar ikkje er føremålstenleg.

Vennleg helsing

Nina Teigland
seksjonssjef

Lars Ivar Nordal
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep 0032

OSLO